

Vik elveigarlag / grunneigarlag  
6140 Syvde

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskå

Syvde: 08.04.2020

Kopi: Norges vassdrags- og energidirekorat, [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

### **ÅMELAVASSDRAGET – KRAV OM REVEDERING AV KONSESJONSVILKÅR**

Vi vil med dette kreve at NVE innfører minstevassføring ved fornying av konsesjon til Tussa Kraft angående 094.1Z Åmelavassdraget. Det gjeld minstevassføring ved Kvandalsvatnet N som blir fylt opp av området Kvanndalen og Mørkevatnet (Sandfjellet) Syvde i Vanylven kommune. Vi ber derfor Vanylven kommune fremje kravet til NVE innan fristen NVE har bede om for revisjon av ny konsesjon til Tussa Kraft. Vi meiner at dette er av stor allmenn interesse.

Dette vassdraget hadde 3800 naturhestekrefter før reguleringa, og bilda viser dagens situasjon ved osen i Nordalselva (Vikelva).



Før utbygginga var Nordalselva ei god lakseelv. I Åmelaskjønnet karakteriserer dei fiskerisakkunnige Nordalselva som ei relativt næringsrik elv med gode oppvekstområde for lakseyngel, og fine vilkår for sportsfiske. Dei beskreiv vidare at elva ville kunne gi om lag 700 kg laks og sjøaure i gjennomsnitt årleg. For 1974 viste laksestatistikken at det blei tatt 1050 kg, men dei beskreiv at 1974 var eit toppår for svært mange vassdrag.

I rapporten til NIVA, 1983 Biologiske undersøkelser i Stårheimselva og Nordalselva 1982, blir det beskrive at Nordalselva hadde tidlegare, antageligvis før fraføring av vatten, ei potensiell avkastning på 700 kg laks / sjøaure pr år.

Etter initiativ mot fylkesmannen og Tussa Kraft kalla Tussa Kraft den 9. september 2019 inn til møte i Nordal skule der Sweco presenterte sin rapport (Vedlagt): Nordalselva – Tilstand for anadrom fisk, som dei hadde utarbeidd på oppdrag for Tussa Kraft.

Til stades på møtet var Kim Andre Ekremsæter frå Vanylven kommune, Randi Holme NVE, Leif Magnus Sættem, Geir Moen, Pernille Eriksdatter Giske frå fylkesmannen Møre og Romsdal, Jørgen Skei frå Sweco, Erling Dybedal og Knut Leira frå Tussa Kraft, mange grunneigarar frå Vik og ein del frå Brudevoll.

Rapporten konkluderte med at der er lav tetthet av anadrom fisk i Nordalselva. Jamt høg vasshastigheit og homogent elveløp blei anset som hovudgrunnen til dei lave tetthetane. Tilgjengelige gyteareal i Nordalselva ble anset som den største flaskehalsen, men det blir og beskrive at i og med at vatten er overført til Åmela kraft er vassføringa og fortynningskapasiteten i elva redusert. Næringskonsentrasjonen i elva er høgare enn før vassoverføringa, og ein må dermed forvente økt groing iflg. rapporten.

I møtet blei det avtalt at Tussa Kraft ilag med Sweco skal lage ein plan for korleis laks og sjøaure enklare kan kome seg fram og gyte i elva. I vedlagte rapport beskriver Sweco forslag til tiltak som: elv i elva, utlegging av steinblokker, oppretting av djupare områder i elva, tilføre gytegrus og tiltak mot groing. Etter dei opplysningar vi har fått frå NVE har Sweco no utarbeidd ein plan for Tussa Kraft, NVE skal no sende planen ut til høyring før NVE konkluderer og Tussa kan starte arbeidet.

Opning av minstevassføring blei etterspurd på møtet, men Tussa Kraft svara at det ikkje vil vere aktuelt utan at NVE pålegg dei det når konsesjonen blir revidert. Dette til tross for at Tussa Kraft no har eit kraftverk i Bruelva som vil få auka produksjon om dei gir ut minstevassføring frå Kvanndalsvatnet N.

Etter reguleringane i nedslagsfeltet er vasstanden i Nordalselva lite stabil, og nedbør avgjerande for vasstanden. Naturleg snøsmelting har ikkje lenger effekt på elva slik som før reguleringane. Intenst regn fører til at elva raskt veks og opphaldsvêr fører til raskt fall i vasstanden. Når elva er lita ser vi at laksen står utanfor osen og ikkje kjem seg fram. Laksen kan so gå oppover ved intenst regn, men blir so dessverre et lett bytte for freda oter når elva fell igjen. Når elva er lita har vi og problem med freda hegre som det kan sjå ut til forsyner seg grovt av yngel.

### **Konklusjon:**

Vi håpar at kombinasjonen av tiltaka Sweco og Tussa Kraft no planlegg i elva, og innføring av minstevassføring, kan berge og på sikt føre Nordalselva tilbake til den gode lakseelva som ho var før reguleringa. Dette vil gje ei reinare elv og mogelegheit for rekreasjon for både bygdefolk og turistar.


Vi håper vidare at Vanylven kommune har ein positiv haldning til å krevje minstevassføring til NVE, tiltross for sine eigarinteresser i Tussa Kraft.

**Syvde Bygdeutvikling skriv:**

Etter å ha lese skrivet, og konferert med resten av styret i Syvde Bygdeutvikling vil vi stille oss bak skrivet. Vi ser på villaksen som ein resurs som er viktig å ta vare på for framtida, som er viktig både for dei som bur her og dei som besøker Syvde.

Vår innstilling er at kommuna definitivt bør bruke eigarmakta si til å påverke Tussa Kraft til å ta ansvar for å få på plass minstevassføring i Vikelva.

Med venleg helsing på vegne av styret.



leiar Bernt L Thue  
Vik elveigarlag / grunneigarlag



leiar Kristian Bentsen  
Syvde bygdeutvikling

Vedlegg: Rapport frå Sweco. Kart over minstevassføring av Kvandalsvatnet og Sandfjellet